

# Agder Sekretariat

## Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120  
4491 Kvinesdal  
Bankkonto:  
3080 32 25660  
Organisasjonsnr.:  
988 798 185

### Til kontrollutvalets medlemmar:

Tor Kasin (leiar), Oddvar Omnes (nestleiar), Birgit Attestog (medlem), Sven Richard Arnesen (medlem), Åse Heistein (medlem)

## INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid/stad: Fredag 21. april 2023 kl. 09.00, kommunehuset, kommunestyresalen

### ORIENTERINGAR:

Kommunedirektør er invitert frå starten av møte for å orientera om:

- Presentasjon av årsrekneskapen og årsmeldinga 2022
- Datatryggleik, peronsvern og overgang mellom IKT Agder og Setesdal IKT.

## SAKSLISTE

- SAK 06/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 06.02.23  
SAK 04/23 BESTILLING AV NYTT PROSJEKT ELLER RISIKO- OG  
VESENTLIGHETSVURDERINGAR – **utsett frå førre møte**  
SAK 07/23 ÅRSREKENESKAPEN 2022 BYGLAND KOMMUNE  
SAK 08/23 KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV RAPPORT  
«NÆRINGSUTVIKLING OG OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK»  
SAK 09/23 REVISOR ORIENTERAR

### FAST POST

Vidare arbeid i kontrollutvalet:

### EVENTUELT

### REFERATSAKER

- REF 01/23 FORVALTNINGSREVISJON «BARN I LAVINNTEKTSFAMILIER I  
IVELAND KOMMUNE» (vedlegg i epost)

Bygland, 14. april 2023

Tor Kasin  
Leiar

Inger Lise Austrud

Eierkommuner:  
Bygland, Bykle, Evje og Hornnes,  
Farsund, Flekkefjord, Hægebostad,  
Iveland, Kvinesdal, Lindesnes,  
Lyngdal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:  
Daglig leder Willy Gill  
Telefon: 90 95 62 46  
E-post: [willy.gill@asekretariat.no](mailto:willy.gill@asekretariat.no)

Rådgiver Inger Lise Austrud  
Telefon: 91 86 99 75  
E-post: [inger.lise.austrud@asekretariat.no](mailto:inger.lise.austrud@asekretariat.no)

# **Agder Sekretariat**

**Sekretariat for kontrollutvalg i Agder**

Utvalssekretær

Forfall og inhabilitet bes meldt til Inger Lise Austrud, tlf. 918 69 975 / [ila@asekretariat.no](mailto:ila@asekretariat.no)

Kopi til: Ordfører, kommunedirektør, revisor, Jorunn S Tveiten, 1. varamedlem, Setesdølen  
Varamedlemmar møter berre etter særskilt innkalling.

## Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 04/23

Møtedato: 21.04.2023

Sakshandsamar: ILA

### SAK 04/23 BESTILLING AV NYTT PROSJEKT ELLER RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERINGAR – utsett frå førre møte

#### Bakgrunn:

Denne saka dreier seg om bestilling av eit av følgande:

- Nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- Nytt eigarskapskontrollprosjekt
- Risiko- og vesentlighetsvurderingar som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

#### Forvaltningsrevisjon:

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2029 – 2023 blei vedteke av kommunestyret 05.11.20 med følgande prioriterte prosjekt.

| Prioritet | Område   | Tema/sector/selskap                     | Aktuelt for forvaltningsrevisjon                       |
|-----------|--|---|--|
| 1.        | Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling | Oppvekst                                | Saksbehandling og internkontroll i barnevernstjenesten |
| 2.        | Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling | Helse og Omsorg                         | Legetjenesten  |
| 3.        | Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling | Drift og forvaltning                    | Drikkevannssikkerhet                                   |
| 4.        | Tillitsskapende forvaltning                            |   | Informasjonssikkerhet og personvern                    |
| 5.        | Lokaldemokrati   |   | Saksutredning og/eller oppfølging av politiske vedtak  |
| 6.        | Tjenesteyting, myndighetsutøvelse og samfunnsutvikling | Sentraladministrasjon og fellesutgifter | Næringsutvikling                                       |

Kommunestyret har i sitt vedtak av planen gjeve kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekt, og til å sette i gong andre prosjekt, dersom utvalet ser

behov for det. Prosjekt «Næringsutvikling og oppfølging av politiske vedtak» er allerede levert.

### **Eigarskapskontroll:**

I plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2023 som vart vedteke av kommunestyret 05.11.2020 er følgande prosjekt prioritert.

| Selskap                           | Tidspunkt for gjennomføring |
|-----------------------------------|-----------------------------|
| Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS |                             |
| Setesdal IKT                      |                             |

Kontrollutvalet har allerede bestilt eigarskapskontroll i Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

### **Risiko og vesentlighetsvurdering – grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon:**

I ny kommunelov (§23-3) gjeng det fram at kontrollutvalet minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. Hensikta med risiko- og vesentlighetsanalysen er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Føremålet med risiko- og vesentlighetsanalysen er å framskaffe relevant informasjon om kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å legge ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritera mellom ulike område der det kan være aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller svakheiter i forvaltninga sett i forhold til lov, forskrifter, kommunestyrets vedtak og forutsetningar.

Det er viktig i arbeidet med analysen at ein sikrar brei involvering når ein innhentar informasjon. Kontrollutvalet bør spille ei aktiv rolle undervegs i arbeidet med analysen. Ein finn det naturleg at risiko og vesentlighetsanalysen vert gjennomført av kommunens revisor, sjølv om den etter forskrift og kan utførast av andre. Sekretariatet utarbeider forslag til plan for forvaltningsrevisjon basert på analysen og innspel frå kontrollutvalet.

### **Risiko og vesentlighetsvurdering- grunnlag for plan for eigarskapskontroll:**

I ny kommunelov (§23-4) gjeng det fram at kontrollutvalet minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eigarskap. Føremålet med risiko- og vesentlighetsanalysen er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll.

Det er nytt i ny kommunelov at det skal lagast ein eigen plan for eigarskapskontroll, lausreven frå behovet for forvaltningsrevisjon i selskap.

Ein finn det naturleg at risiko og vesentlighetsanalysen vert gjennomført av kommunens revisor, sjølv om den etter forskrift og kan utførast av andre. Sekretariatet utarbeider forslag til plan for eigarskapskontroll basert på analysen og innspel frå kontrollutvalet.

### **Vurdering:**

For 2023 har kontrollutvalet ein moglegheit til å bestille gjennomføring av eit nytt prosjekt, eller å bestille gjennomføring av risiko- og vesentlighetsanalysar som grunnlag for planar for

forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for komande valperiode. Kontrollutvalet kan bestille eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt, men det vil sannsynlegvis vere nytt kontrollutval som vil få rapporten til handsaming.

Dersom ein vel å bestille analyser nå for gjennomføring, vil det nye kontrollutvalet raskare kunne utarbeide planar som vil danne grunnlag for bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i neste valperiode.

Sekretariatets oppleving er at det for kontrollutvala vert opplevd som lenge å vente til ein kan foreta bestilling av prosjekt når planane ikkje vert vedtekne før på hausten året etter valåret. Dersom analysen gjennomførast *før* valet og det nye kontrollutvalet kan handsame forslag til planar tidleg i perioden, kan ein kome i gong med prosjekt minst eit halvt år tidlegare enn elles. Tidspunkt for ønska framlegging av analysen kan diskuteras med revisjonen.

Kontrollutvalet må ta stilling til kva ein ønsker å setje i gong med i møte. Saka vert lagt fram for utvalet til drøfting og vedtak vert utarbeida i møte.

**Framlegg til vedtak:**

**Agder Sekretariat**

**Kontrollutvalet i Bygland kommune**

**Sak 06/23**

**Møtedato: 21.04.23**

**Sakshandsamar: ILA**

**SAK 06/23    GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 06.02.23**

**Vedlegg:**

Forslag til møteprotokoll frå møte 06.02.23 (vedlegg i epost)

**Bakgrunn for saka:**

Forslag til protokoll frå møte 06.02.23 vert lagt fram for godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 06.02.23 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

**Agder Sekretariat**

**Kontrollutvalet i Bygland kommune**

**Sak 07/23**

**Møtedato: 21.04.23**

**Sakshandsamar: ILA**

## **SAK 07/23 ÅRSREKNESKAPEN FOR BYGLAND KOMMUNE 2022**

### **Lover, forskrifter:**

Lov om kommunar og fylkeskommunar m.m.  
Budsjett- og rekneskapsforskrifta av 2019

### **Saksdokument vedlagt saka:**

Revisjonsberetning, datert 17. april 2023  
Årsrekneskapen og årsberetning 2022 (vedlegg i epost)

### **Saksopplysningar:**

Kommunens årsrekneskap viser eit netto driftsresultat på kr 2 717 440.

Revisor har gitt normal revisjonsberetning utan forbehold eller presiseringar.

I revisjonsberetninga uttaler revisor seg om:

#### Revisjonen av årsrekneskapen:

Revisors konklusjon :

*Etter vår meining*

- *oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og*
- *gjer årsrekneskapen i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassen per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova sine regler og god kommunale regnskapsskikk i Noreg.*

#### Andre lovmessige krav:

- Konklusjon om registrering og dokumentasjon
- Konklusjon om årsmeldinga
- Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Revisjonen har gjennom sine handlingar ikkje avdekket forhold som er av ein slik art at dei har betydning for konklusjonane på andre lovmessige krav.

For nærare informasjon vises det til revisjonsberetninga.

#### Uttale frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet skal gi uttale til følgande:

- Kommunekassens årsrekneskap og årsberetning
- Konsolidert årsrekneskap
- Kommunale føretak (årsrekneskap og årsberetning)
- Lånefondet (årsberetning kan inngå i kommunekassens årsberetning)

Som oftast vil det vere hensiktsmessig med ein samla uttale til kommunekassens årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet gir ikkje uttale til politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap, med mindre revisor har gitt revisjonsberetning.

Når det gjeld Bygland kommune skal kontrollutvalet berre gi uttale til kommunekassens årsrekneskap og årsberetning.

### **Handsaming av årsrekneskapen**

Handsaming av årsrekneskapen og årsberetning vil vere som følger.

- Kommunedirektør avleggjar årsregnskapet innan 22.02.23
- Kommunedirektør utarbeider årsberetning innan 31.03.23
- Revisor avgir revisjonsberetning til kommunestyret innan 15.04.23
- Kontrollutvalet avgir uttalelse om årsrekneskapen til kommunestyret
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning og disponering (Kontrollutvalets uttalelse skal føreligge når formannskapet handsamar årsrekneskapen)
- Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen innan 30.06.23

### **Vurderingar:**

Eg vil anbefale kontrollutvalet å gi ein standard uttale til årsrekneskapen og årsberetninga for 2022.

### **Framlegg til vedtak:**

#### Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bygland kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2022.

Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.

Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttalelse.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga.



Til kommunestyret i Bygland kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektør

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Utsegn om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Bygland kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 2 717 440. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjer årsrekneskapen i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassen per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova sine regler og god kommunal regnskapskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Årsmeldinga og annan øvrig informasjon*

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den øvrige informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Øvrig informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og annan informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekker informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og annan øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det føreligg vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan øvrig informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller hvorvidt informasjon i årsmeldinga og annan øvrig informasjon ellers framstår

## AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller annan øvrig informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningar som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

### *Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen*

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i intern kontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

# AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

## Utsegn om andre lovmessige krav

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

### *Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik*

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Bygland kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

### *Konklusjon*

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

### *Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik*


Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

### *Våre oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Kristiansand, 17. april 2023  
Agder Kommunerevisjon IKS



Tommy Pytten  
statsautorisert revisor



Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 08/23

Møtedato: 21.04.23

Sakshandsamar: ILA

**SAK 08/23    KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV RAPPORT  
«NÆRINGSUTVIKLING OG OPPFØLGING AV POLITISKE  
VEDTAK»**

**Vedlegg:**

Tilbakemelding frå kommunedirektør

**Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 28.11.2022 framlegg til kommunestyret i samband med forvaltningsrevisjonsrapport «Næringsutvikling og oppfølging av politiske vedtak».

Kommunestyret vedtok følgande i saka i sitt møte 09.02.23:

*Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Næringsutvikling og oppfølging av politiske vedtak».*

*Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.04.2023 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.*

Skriftleg tilbakemelding følger vedlagt saka. Kommunedirektøren vil orientere utvalet i møte.

Revisor vil og vere til stades i møte og kan kommentere saka.

Tilrådingane i rapporten: (Kommunedirektøren sine tilbakemeldingar kjem under kvart kulepunkt i kursiv:)

1. Kommunen bør sammenkoble økonomiplan og handlingsdel, slik at sammenhengen mellom det økonomiske handlingsrommet og prioriteringen av tiltak synliggjøres i større grad.

*Dette er eit arbeid som er i gang. I den nye økonomi og handlingsplanen for 2023 – 2026 er næring tatt inn som eige punkt og det økonomiske handlingsrommet er skissert gjennom oppsett av dei ulike næringsfonda. Uvissa som knyter seg til avkastning, renteutvikling og anna er også gjort reie for (s 25-26). Å vise prioriteringar kan vere ei større utfordring då det er få gjennomgåande prosjekter. Mykje bruk av næringsfond knyter seg til ulike søknader som dukkar opp gjennom året og handlar om stimulering av gode og viktige tiltak. Her må det og leggjast til at Bygland kommune rår over avgrensa midlar og i mange sakar vil ein søkje å hente inn midlar gjennom regionale og statlege støtteordningar. Av slike prosjekt er det berre dei store og gjennomgåande prosjekta som vil få plass i denne planen. Som til dømes utviklinga av Presteneset som også er eigne budsjettpostar.*

2. Kommunen bør fortsette arbeidet med å legge til grunn kommuneplanens målsettinger innen næringsutvikling, herunder i organisasjonen, prosjekter, vedtak og saksfremstillinger.

*Kommunedirektøren er nøgd med at kommunerevisjonen stadfester dette funnet. Det er eit prioritert mål for kommunen sitt arbeid at ein politisk vedtatt kommuneplan sine mål skal vere synleg i alt av kommunens planar, prosjekter og handlingar.*

*Bygland kommune er invitert inn av Agder fylkeskommune inn i eit nytt prosjekt som handlar om å rullere kommunens samfunnsdel når nytt kommunestyre er på plass i fyrste halvdel av 2024. Målet er at kommuneplanen sin mål skal bli eit tydeligere styringsverktøy. Arbeidet som er kommentert av kommunerevisjonen er vidareført i den nye økonomi og handlingsplanen for 2023 – 2026 og vil bli følgt opp i kommunedirektørens vidare arbeid.*

3. Kommunen bør sørge for en mer detaljert og fortløpende rapportering til politikernes av det næringsarbeidet som gjøres, herunder på statusen for tiltakene i økonomiplanene og konkrete næringsrelevante prosjekter

*Kommunedirektøren tar dette punktet til etterretning og vil legge opp til rapportering to gonger i året. Det vil vere naturleg å legge opp til fyrste næringsrapport i juni og andre i desember. Rapporten vil ta utgangspunkt i tiltaka som er lagt inn i økonomiplanen samt andre konkrete prosjekt som er kommen fram i rapporteringsperioden.*

4. Kommunen bør fortsette arbeidet med å tilrettelegge for ferdigregulert næringsareal

*Arbeide med kommunens arealdel nærmar seg ferdigstilling og fokus på næringsareal og ikkje minst nye næringsareal har vært stort. Dette er eit område som i stor grad handlar om samspel mellom kommunen og private næringsaktørar. Bygland kommune er ikkje i ein slik situasjon at næringsaktørane står i kø for å etablere seg i Bygland og dermed er det vanskeleg å leggje langsiktige planar for ferdigregulert næringsareal. Like fullt er det viktig å finne ein god balanse mellom å fylgje opp den enkelte næringsaktør sin eige ynskjer samtidig som kommunen har ferdigregulerte område som lett kan takast i bruk.*

*Eit stort og krevjande område som er i kjømda, er ynskje om store næringsareal til fornybar energi. Her er det også lovendringar på gang der staten ynskjer å gje den enkelte kommune eit større ansvar med bla å handsame større utbyggingar etter plan og bygningslova. Planane har vært på høyring og kan kome på plass alt komande haust. Det bør også her gjerast merksam på at Bygland kommune saman med Eyje og Hornnes kommune eig et selskap som ynskjer å utvikle Syrtveit (eit større område nord for Eyje/sør for Byglandsfjord) til grøne industriføremål. Lykkes ein med dette vil det ha potensielt store positive konsekvensar for begge kommunane.*

5. Kommunen bør sørge for at vedtektene oppdateres med klargjørende regler om klagesaksbehandling samt administrasjonens fullmaktsgrense

*Denne saka er delegert til ny næringsansvarleg og er forventa ferdig ila 2023*

6. Kommunen bør utarbeide en saksbehandlingsrutine for næringsfondet som inkluderer hvilke krav forvaltningsloven og vedtektene stiller til saksbehandlingen

*Denne saka er også delegert til ny næringsansvarleg. Punkt 5 og 6 heng i hop og skal ferdigstillast ila 2023.*

**Vurdering:**

Det vises til kommunedirektørens tilbakemelding på rapport «Næringsutvikling og oppfølging av politiske vedtak». Føremålet med denne oppfølginga er å sjå til at kommunedirektør har fylgt opp anbefalingane i rapporten på ein tilfredsstillande måte.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek kommunedirektørens tilbakemelding til orientering. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding når alle anbefalingane i rapporten er fylgt opp og seinast innan utgangen av 2023.



# NOTAT

I kommunerevisjonens gjennomgang av næringsarbeidet i Bygland kommune kom det fram 6 merknader. Merknadene står oppført som punkter under og blir gitt kommentar med feitt skrift.

Tilbakemelding- på kommunerevisjonens gjennomgang av næringsarbeidet

1. Kommunen bør sammenkoble økonomiplan og handlingsdel, slik at sammenhengen mellom det økonomiske handlingsrommet og prioriteringen av tiltak synliggjøres i større grad.

**Dette er eit arbeid som er i gang. I den nye økonomi og handlingsplanen for 2023 – 2026 er næring tatt inn som eige punkt og det økonomiske handlingsrommet er skissert gjennom oppsett av dei ulike næringsfonda. Uvissa som knyter seg til avkastning, renteutvikling og anna er også gjort reie for (s 25-26). Å vise prioriteringar kan vere ei større utfordring då det er få gjennomgåande prosjekter. Mykje bruk av næringsfond knyter seg til ulike søknader som dukkar opp gjennom året og handlar om stimulering av gode og viktige tiltak. Her må det og leggjast til at Bygland kommune rår over avgrensa midlar og i mange sakar vil ein søkje å hente inn midlar gjennom regionale og statlege støtteordningar. Av slike prosjekt er det berre dei store og gjennomgåande prosjekta som vil få plass i denne planen. Som til dømes utviklinga av Presteneset som også er eigne budsjettpostar.**

2. Kommunen bør fortsette arbeidet med å legge til grunn kommuneplanens målsettinger innen næringsutvikling, herunder i organisasjonen, prosjekter, vedtak og saksfremstillinger.

**Kommunedirektøren er nøgd med at kommunerevisjonen stadfester dette funnet. Det er eit prioritert mål for kommunen sitt arbeid at ein politisk vedtatt kommuneplan sine mål skal vere synleg i alt av kommunens planar, prosjekter og handlingar.**

**Bygland kommune er invitert inn av Agder fylkeskommune inn i eit nytt prosjekt som handlar om å rullere kommunens samfunnsdel når nytt kommunestyre er på plass i fyrste halvdel av 2024. Målet er at kommuneplanen sin mål skal bli eit tydeligere styringsverktøy. Arbeidet som er kommentert av kommunerevisjonen er vidareført i den nye økonomi og handlingsplanen for 2023 – 2026 og vil bli følgt opp i kommunedirektørens vidare arbeid.**

3. Kommunen bør sørge for en mer detaljert og fortløpende rapportering til politikerne av det næringsarbeidet som gjøres, herunder på statusen for tiltakene i økonomiplanene og konkrete næringsrelevante prosjekter

**Kommunedirektøren tar dette punktet til etterretning og vil legge opp til rapportering to gangar i året. Det vil vere naturleg å legge opp til fyrste næringsrapport i juni og andre i desember. Rapporten vil ta utgangspunkt i tiltaka som er lagt inn i økonomiplanen samt andre konkrete prosjekt som er kommen fram i rapporteringsperioden.**

4. Kommunen bør fortsette arbeidet med å tilrettelegge for ferdigregulert næringsareal

**Arbeide med kommunens arealdel nærmar seg ferdigstilling og fokus på næringsareal og ikkje minst nye næringsareal har vært stort. Dette er eit område som i stor grad handlar om samspel mellom kommunen og private næringsaktørar. Bygland kommune er ikkje i ein**



slik situasjon at næringsaktørane står i kø for å etablere seg i Bygland og dermed er det vanskeleg å leggje langsiktige planar for ferdigregulert næringsareal. Like fullt er det viktig å finne ein god balanse mellom å fylgje opp den enkelte næringsaktør sin eige ynskjer samtidig som kommunen har ferdigregulerte område som lett kan takast i bruk. Eit stort og krevjande område som er i kjømda, er ynskje om store næringsareal til fornybar energi. Her er det også lovendingar på gang der staten ynskjer å gje den enkelte kommune eit større ansvar med bla å handsame større utbyggingar etter plan og bygningslova. Planane har vært på høyring og kan kome på plass alt komande haust. Det bør også her gjerast merksam på at Bygland kommune saman med Evje og Hornnes kommune eig et selskap som ynskjer å utvikle Syrtveit (eit større område nord for Evje/sør for Byglandsfjord) til grønne industriføremål. Lykkes ein med dette vil det ha potensielt store positive konsekvensar for begge kommunane.

5. Kommunen bør sørge for at vedtektene oppdateres med klargjørende regler om klagesaksbehandling samt administrasjonens fullmaktsgrense  
**Denne saka er delegert til ny næringsansvarleg og er forventa ferdig ila 2023**
6. Kommunen bør utarbeide en saksbehandlingsrutine for næringsfondet som inkluderer hvilke krav forvaltningsloven og vedtektene stiller til saksbehandling  
**Denne saka er også delegert til ny næringsansvarleg. Punkt 5 og 6 heng i hop og skal ferdigstillast ila 2023.**

**Agder Sekretariat**

**Kontrollutvalet i Bygland kommune**

**Sak 09/23**

**Møtedato:21.04.23**

**Sakshandsamar: ILA**

**SAK 09/23 REVISOR ORIENTERAR**

**Bakgrunn for saka:**

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.